

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnent. 2.

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gyslebö

Emne: Transport av høy

Bygdelag:

Oppskr. av: Erik Skjævesland

Gard: Skjævesland

(adresse): Gyslebö

G.nr. 82 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


SVAR

1. Slåing av skoghøy vanleg brukt i gamal tid og brukast litt ennå av fleire. På vanlege gardsbruk her med 25-40-50 da. dyrka mark som plantar føda 5-6-8 kyr og hest, var det ofte 6-8 skogløier. Upp til krigsåra 1914-18. var det vanleg å slå mykje høy i skogene. Sidan minna det av. Some her heilt slutta, andre slår til 1 eller 2 skogløier. I turkevar slår fleire noko skoghøy um dei elles her slutta. Æinskilde brukar skoghøy som hjelp mot sliksesjuka på kyrne. Visentlegaste grunnen til at folk sluttar med skoghøy er dei høge arbeidslønene, opparbeiding av kulturarbeider og mykje arbeid heime i sumartida med rotvokstrar o. sl.

Far min som var født 1850 fortalde at i hans ungdom fekk dei ikkje store meir godt høy i heimjardet enn til hestene. Resten av den dyrka mark vart nytta til korn og litt poteter. Vinterføret til ku og sau var skoghøy, lauv, lyng og skav (bark-hulst og peibark. Skav, eit? skava. Me skjev (eller skave) bark). I vårknipa brukte fleire brom (eit? skav) skav. Brom = fine bjørkekvielar med byrjande lauv). I vaska kvekerøter og nytta som hjelpefor^{var} og brukt av

sanne. Her høyrte forteljingar um namngjevne
bønder her frå kring 1775 som slo høy i skogen
mest heile summaren. Som det heitte: Dei be-
jörte (byrja) å slå på klagen å slutta på klagen.
- Frosen mark um varen til det frans um hær-
sten. Men so fødde dei og mykje krøter - på
det viset det var -.

På husmannsbruk med 1-2 kyr ber dei høy-
et inn, um dei ikkje her ordna seg med å låna
hest.

2. Stakk mest ikkje brukt her no. Transport til
utløv: køying med slede eller bering i byrder.
Hesjene plas ein setja upp på stykket ein slar
og anten lempa inn med høygaffel eller høy-
ra samar med hesterive. Gloe o. sl. ukjent.
Høybyrd kallast høybyr (ei) lagast slik: Hegda
 er festa midt på toget. Tog-kalvpar-
tene legg ein parallelt ikv. 1 fot frå kvarandre.
Kjemmer so høyet med rive og legg på so
mange kjemmer ein kan få til å liggja
eller arkar å bera. Slar so togendane um
byra, trar dei inn i bukta på hegda og
stammar til. Høybyra ber ein som ein
ransel med eit tog um kvar akel. Stam-
mar og held fast um togendane, ~~so~~ mid
begge hendene. Er nokon for hand (tilsta-
de) hjelper han til med å reisa byra. Oftast
med å stå framme og dra i toget, stundom
med å lyfta bak. Barn ofte med på arb.

Inorsekk ikkje brukt her, men kjenner
det frå Spind ved Farsund. Der laga som
grov mot av klasmøre. Brukt der til å rulla
høy ut for bratte skrenter. Er ikkje viss på
namnet. Ordet ei meis ukjent her, men

veit ikkje um det høver på dette.

Rodde - roddesekk? - Nei, eg er ikkje viss um det er kjent her. Men ordet rodde er kjent her i sambind.: roddevise. Han song ei roddevise, høyrde eg gamle folk seija. Løypeskung like brukt til transport av høg. Finet kanskje ein eller to stader i heradet. Hjulbar (hjulbære, ei) og bære helst nytta til å trilla eller bera korn- eller mjølsekkjar o.l. eit lite stykke, og elles på veganlegg. Bæra her tverbord. Slapslede helst brukt til vestrøying i skogen.

- 3. Skoghöyet køyrde ein heim på vinterføre.
- 4. Firehjuls vogn og langkjerre. Vanleg slede eller hjulslede noko nytta på heiegardar. Høyslee (høyslede, ein). Er ikkje viss på namnet på hjulsleden. Bruidd på høyslede, -kjerre, eller -vogn som vanlege kjernar og sledar ein nyttar etter offentl. vegar. Lengd på høgkjerre eller -vogn oftast 10-11 fot, i sume tilf. litt mindre. Høyslede ca. 8 fot. Før var det vanleg med sledar utan skoning til summarkøying, og brukast noko ennå. Dei glid so mykje lettare på sumarføret enn dei med skoning. Til vinterføre med skoning. På rotelagt veg må ein ikkje køyra noko vidare med slede på låna (lån mark, lån veg). Før hjul, truleg når det galdt køying over annars manns mark. Helst brukt ei vanleg vogn eller kjerre påsett ei trom (grind). Til høysleder og hjulsleder var tromma før svega. D.e. raunestenger som dei svegte = bøygde og vrid slik at dei fekk ein stor bøygjel framme og bak på

tromma og med korte skråband på sider-
 ne frå byggjelen til kantbordi på sleden.
 Midt på byggjelen stod eit ca. 3-4 fot langt
 bord festa fast upp ned. Enno ser ein
 slike svega høytrommar i bruk. Felst
 på heigardar og i skogelatter. Forandring-
 arne kome noko etter kvart. Trommene
 no er vanleg med ein uppstandar ca.
 2 1/2 tumme i firkant i kvart hjørne i des-
 se er anten felst inn eller skruva til
 2 ca. 4 tummar breide bord på kvar side
 og like eins på endestykki. I endestykk. er
 festa 2 bord upp ned i høveleg lengd.
 På ei 11 fot lang høytrom gjeng ca. 2
 skpd. (320kg) når ein tröv godt og det el-
 les er noko låge hjul. På vanlege høyele-
 der sikkert ikkje oneir enn halvparten og
 under det på summarkøyring. Um det vis-
 te lasset skulde vera større eller mindre
 kan eg ikkje hugsa. Ei gamal kone som
 døydde 1915 fortalde um merke og reglar
 for mest alle ting, i arbeidslivet o. m. a.
 Men kva hjelper det når ein ikkje lenger
 kan rå det! Interesse var diverse ikkje
 vakna i meg då - - .

Lasset kneppast til med ein lassmann
 eller tromsøng (namni nyttest hev bær) som
 fyrst er festa med tog bak. Og so kneppar
 ein lassmannen ned framme. Tromsøng
 gjeme eit tre som er vakse med kløft slik
 at det blir to parallelle stenger. Ein kuttar
 nedanfor kløfta og sett på eit tvette i
 andre endane. Lassmann ofte av eit
 ca. 7 tummar breidt bord. Skal ein køyra

lasset etter ujamn, skumpet og plar ein ofte jure det - som dei gamle sa (jurotog, eit byrdetog). Ein kallar det å hegde når ein hev knept jure - eller byrdetog godt fast kring lasset og ein då skal belegge (festa) enden av toget umv honnan (horni) på hegda. Hegda var av same slag til byrdetog og jurotog. Men til juring var det gjerne noko tjukvare material i hegda.

Ein høystakk var minst eit godt vinterlass, ofte større. Minst to sumvarlass til eit vinterlass. Berre ein hest vart nytta for høysleden umv sumvaren.

- 5 Fellesslått ikkje vore i bruk her på over 100 år. Høykøyring helst midtvinters. Dei som hadde skogloiv noko nær kvarandre køyrde ofte nokolunde på same tid for å nytta den uppskøyrdde vegens. Det var berre i serleg store snøvinterar dei hadde med ein liten brøyteplog. Til vanleg var det å fumpa i veg for hest og mann alt dei orka til dei fekk veg på - eller braud, som det og heite. Ofte hadde ein ei kjinse av at det nðrast var syonjing ein driv med når ein kava i snøfennene og seig i lenger enn ein var kloven.

- 6 Var gjerne ute nokso tidleg um morgonen for å rekkja 2 vendingar på dagen. Ved skogloiv var det fyrst å moka snøen burt. Til det vart nytta ei rege (reke) av tre. Sleden vart so sett upp langs enden av löda, drettene bundne saman, reist på ende og stytta upp. Bak vart reist ei eller to stenger som ofte støtta seg mot torvollen (torvol, ein).

So var det å lesa på og trø svært godt. Det galdt
 å få lasset breidt og fast. Kunde ofte vera 6 fot
 breidt når det var godt lesst. Når lasset var
 trødd til i høgd med semsa (ei sims = krostokk)
 på loda, var det høgt nok. Det vart då lagt på
 3 omloge (ei umloge, fleire umloge - omlogar) av
 same lengde som sleden. Dei var runde⁷ var
 rettvakse tre. - Ei på midten og ei på kvar side
 noko uppe på lasset. Når lasset var kneppa
 godt til med tog på tvers rundt lasset - eit bak
 og eit framme - vart det raka godt av lasset og
 etteraga (etterakstar, ei) kjemma og ei kjemme
 lagt på bak og ei framme på lasset og bunde
 fast. Denne kjemma kalla dei øygledottar
 (ei, - begge øygledottar). På denne måten
 vart lasset salryggja.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

405